# Energiutgreiing for Vang kommune

# 2007

Ansvarleg for utgreiinga:
Vang Energiverk KF

# Innhald

1 SKILNADEN MELLOM ENERGIPLAN, KRAFTSYSTEMUTGREIING OG ENERGIUTGREIING ....4
2 UTDRAG FRÅ "FORSKRIFT OM ENERGIUTGREIINGAR" MED HEIMEL I ENERGILOVA § 7-6. ....5
3 FØRESETNADER FOR UTGREIINGSARBEIDET ....6
4 UTGREIINGSPROSESSEN ....7
5 SAMANDRAG ....8
6 OM VANG KOMMUNE ....10
6.1 BEFOLKNING ....10
6.2 BUTILHØVE ....11
6.3 BUSTADBYGGING ....12
6.4 HYTTEBYGGING ....12
6.5 NÆRINGSSTRUKTUR OG UTVIKLING ....12
7 DAGENS LOKALE ENERGISYSTEM ....15
7.1 KORT OM VANG ENERGIVERK KF. ....15
7.2 INFRASTRUKTUR FOR ENERGI ....15
*7.2.1 Energiberarar ....15*
*7.2.2 Elektrisk energi ....15*
*7.2.3 Biobrensel ....18*
*7.2.4 Olje/parafin ....18*
*7.2.5 Gass ....18*
*7.2.6 Varmepumper ....18*
*7.2.7 Andre energikjelder ....19*
8 ENERGIFORBRUK ....20
8.1 ELEKTRISK ENERGIFORBRUK ....20
8.2 ANNA ENERGIFORBRUK ....22
8.3 SAMLA ENERGIFORBRUK ....25
8.4 UTBREIING AV VASSBOREN VARME ....26
8.5 LOKAL ELEKTRISITETSPRODUKSJON ....26
*8.5.1 Tilgang på kraft i Vang energiverk KF: ....27*
8.6 MILJØKONSEKVENSAR ....27
*8.6.1 Generelt ....27*
*8.6.2 Lokalt: Miljøomsyn i Vang Energiverk KF. ....27*
9 FORVENTA UTVIKLING AV ENERGIBRUK I KOMMUNEN ....28
9.1 PRIVATE HUSHALD ....28
9.2 HYTTER OG FRITIDSHUS ....28
9.3 STØRRE ENERGIBRUKARAR ....32
9.4 KOMMUNALE PLANAR ....32
10 VURDERING AV AKTUELLE ENERGILØYSINGAR ....33
10.1 UTNYTTING AV LOKALE ENERGIRESSURSAR ....33
*10.1.1 Elektrisk energi ....33*
*10.1.2 Ved og treavfall ....34*
*10.1.3 Fjernvarme ....34*
*10.1.4 Energifleksible løysingar ....35*
10.2 ENERGI ØKONOMISERANDE TILTAK ....35
*10.2.1 Kunnskapsheving ....35*
*10.2.2 Eksisterande byggmasse ....35*
*10.2.3 Rehabilitering ....35*
*10.2.4 Samla potensiale ....35*

10.3 SLUTTBRUKARTILTAK ....36
*10.3.1 Dagsenking av innetemperaturar....36*
*10.3.2 Bruk av dynamiske tariffar....36*
*10.3.3 Direkte styring av kundelast....36*
*10.3.4 Potensiale....37*
10.4 KOSTNADSELEMENT VED ULIKE ENERGIBERARAR....38
10.5 FORSLAG TIL VIDARE ARBEID....39
*10.5.1 Energistyringssystem....39*
*10.5.2 Ved....40*
*10.5.3 Tiltak i nettet for ulike forbrukskategoriar....40*

**1 VEDLEGG, REFERANSAR....42**

**2 VEDLEGG, BEFOLKNING, BUSETTING OG SYSSELSETTING I VANG KOMMUNE....43**

**3 VEDLEGG, INFRASTRUKTUR FOR ENERGI....46**

**4 VEDLEGG, BUSTADER ETTER REGION, BYGNINGSTYPE, BRUKSAREAL, EIGARFORHOLD OG BUSTAD, 2003....47**

**5 VEDLEGG, BEDRIFTER I VANG KOMMUNE....49**

**6 VEDLEGG, ENERGIFORBRUK....51**

**7 VEDLEGG, UTREKNING AV ENERGIKOSTNADER....55**

**8 VEDLEGG, BUSTADOPPVARMING: KOSTNADER PER ÅR....57**

**9 VEDLEGG, NOKRE AV DEI VAL SOM PÅVERKAR TOTALØKONOMIEN FOR EI INVESTERING....59**

**10 VEDLEGG, KART OVER VANG KOMMUNE....60**

**11 VEDLEGG, HYTTEOMRÅDE MED STRØM....60**

**11 VEDLEGG, HYTTEOMRÅDE MED STRØM....61**

**12 VEDLEGG, FORDELING AV OPPVARMINGSSYSTEM FOR BUSTADER I VANG KOMMUNE, STATUS 2001....64**

**13 VEDLEGG, STATUS FOR BUSTADER I 2001, SORTERT ETTER BYGGJEÅR....65**

**14 VEDLEGG, GJENNOMSNITTLEG LENGDE OG TAL PÅ AVBROT OG PER RAPPORTERINGSPUNKT I VANG OG OPPLAND....66**

**15 VEDLEGG, PROGNOSAR FOR AUKE AV STRØMFORBRUKET OG EFFEKTBEHOVET I VANG KOMMUNE: 2006 - 2014....67**

**16 VEDLEGG, DØGNMIDDELTEMPERATUR FOR FAGERNES....68**

**17 VEDLEGG, NETTANLEGG FORDELT PÅ BRUKARGRUPPER HOS VANG ENERGIVERK KF, 2006....69**

# 1 Skilnaden mellom energiplan, kraftsystemutgreiing og energiutgreiing

Frå NVE si rettleiar for lokale energiutgreiingar:

***Planlegging*** nyttast gjerne om systematisk innsamling og arbeide med kunnskapane for å forberede eit vedtak. ***Plan*** nyttast om resultatet av prosessen og ventast normalt gjennomført i praksis.
For å hindre mulige mistydingar knytte til prosessen og resultatet av denne, nyttast det i forskrifta lokal energi***utgreiing***. Med dette vil ein for det første formidle at resultatet skal vere ei støtte for vedtak og ikkje nødvendigvis beskrive konkrete tiltak som skal gjennomførast. For det andre tas det omsyn til at konsesjonærane ikkje er dei einaste aktørane som skal ha innflytelse på dei løysingar som faktisk realiseras, eller som kan gjennomføre dei.
***Kraftsystemutgreiinga*** skildrar dagens kraftnett, framtidige overføringsforhold, samt forventa tiltak og investeringar.

# 2 Utdrag frå "Forskrift om energiutgreiingar" med heimel i energilova § 7-6.

**Mål med Lokal Energiutgreiing for Vang kommune:**
Bidrag til samfunnsmessing rasjonell utvikling av energisystemet. §8

**Oppgåver for områdekonsesjonær:**
- Utarbeiding §10
- Årleg oppdatering §10
- Offentleggjering innan kommunen. §10
- Oversending til utgreiingsansvarleg. §2

**Krav til offentlege møter §10:**
- Representantar for kommunen
- Andre interesserte energiaktørar
- Presentasjon av alternative løysningar for energiforsyning i kommunen.
- Krav til møtereferat og offentleggjering av referat frå møta.

**Innhald i lokale energiutgreiingar §11:**
- Skildre dagens energisystem og bruk av energi innan kommunen ved:
  a. Statistikk for produksjon
  b. Statistikk for overføring
  c. Statistikk for stasjonær bruk

- Skildre forventa stasjonær energietterspurnad i kommunen fordelt etter:
  d. Ulike energiberarar
  e. Ulike brukargrupper.

- Skildre mest aktuelle energiløysingar for områda i kommunen med forventa vesentleg endring i etterspurnad på energi. I krav til løysingar skal vera take omsyn til:
  f. Høve til bruk av fjernvarme
  g. Høve til bruk av energifleksible løysingar
  h. Høve til bruk av varmegjenvinning
  i. Høve til bruk av innanlandsk gass
  j. Tiltak ved energiøkonomisering ved nybygg og rehabilitering.
  k. Tiltak ved bruk av energistyringssystem på forbrukssida.

- Vegledar for energiutgreiingar i forordet:
  l. Krav til alternative tiltak for forsterkning av fordelingsnettet ved utviding av dette. Jf. el-direktivets artikkel 14, EU Direktiv.
  m. Her krav til løysingar ved vurdering av effektivisering ved energibruk som desentralisert produksjon.

# 3 Føresetnader for utgreiingsarbeidet

Intensjonen med forskrifta er at lokale energiutgreiingar skal auke kunnskapen om lokal energiforsyning, stasjonær energibruk og alternativ på dette området. På denne måten skal lokale energiutgreiingar medverke til ei samfunnsmessig rasjonell utvikling av energisystemet.
Vang kommune er ein kommune med liten vekst innan for industri, og folketalet er på veg ned. Hytter og fritidsbustader i kommunen er ei næring i vekst og vi har derfor lagt størst vekt på dette i utgreiinga. Størst aktivitet har vi i Filefjell og Grindafjell områdane. Elles går planlegging og bygging av fritidsbustader føre også i andre deler av kommunen.

For Vang kommune, er Vang Energiverk KF ei verksemd som har svært stor tyding for næringsverksemd generelt. Vang Energiverk KF har, som områdekonsesjonær, utarbeida denne utgreiinga.

*Frå forskrifta: Utarbeiding –årleg oppdatering og kunngjering.*

- Ved utarbeidinga ser vi det viktig å skaffe relevante data for verksemder eller aktivitetar som er aktuelle i den forstand at andre løysingar eller endringar av energibruk er relevant.

- Ved årleg oppdatering er det viktig å kunne samanlikne data frå det eine året til det andre for å etterprøve eventuell endra utvikling som konsekvens av endra løysingar eller endringar i aktivitet.

- Ved kunngjering av framlegg til energiutgreiing for drøfting, må innhaldet vera på slik måte at det blir oppfatta som konkret og at det har aktualitet.

# 4 Utgreiingsprosessen

I følgje "Forskrift om Energiutredninger", gitt ut av NVE i januar 2003, skal områdekonsesjonær utarbeide, årleg oppdatere og offentleggjere ei energiutgreiing for kvar kommune i konsesjonsområdet. Intensjonen med forskrifta er at lokale energiutgreiingar skal auke kunnskapen om lokal energiforsyning, stasjonær energibruk og alternativ på dette området. På denne måten skal lokale energiutgreiingar medverke til ei samfunnsmessig rasjonell utvikling av energisystemet.
På grunnlag av statistikk og analysar frå Statistisk Sentralbyrå (SSB), tal frå Brønnøysundsregisteret og drøftingar med Vang kommune, er data om energiforbruket i kommunen per energiberar og brukargruppe kalkulert for perioden 1991-2006. Forbruket er korrigert for variasjonar i middeltemperatur i fyringssesongen. Tala som omhandlar det elektriske energiforbruket og detaljar om distribusjonsnettet er henta frå Vang Energiverk KF sine eigne arkivar. Vi har brukt tal frå 1993 til og med 2007.

# 5 Samandrag

Trenden for det elektriske energiforbruket i Vang kommune peiker mot eit stabilt forbruk på i overkant av 30 000 MWh per år. Det er likevel sannsynleg at strømforbruket vil auke, dette på grunn av dei store utbyggingane av fritidsbustader i kommunen.
Stasjonært energiforbruk, utanom elektrisk energi, har auka med 2,6 GWh frå 1991 til 2005. Trenden for samla energiforbruk i perioden viser ein svak nedgang dei siste åra. Dette skyldas til dels dei høge strømprisane vinteren 2002 / 2003, men også at det totale energiforbruket for 1993 og 1994 ikkje er teke med, grunna manglande data for perioden. Tala frå SSB, som omtalar energiforbruket, utanom elektrisk energi, seier ingenting om forbruket til fritidsbustadene. Grunna det høge talet på fritidsbustader i kommunen er derfor det totale energiforbruket høgare enn det blir gitt uttrykk for i denne utgreiinga.

Diagrammet under viser totalt energiforbruk 1995 til 2005, der nettapet er tatt vekk og det er føretatt temperaturkorrigering. For tabell sjå vedlegg 6.




*Kjelde: Vang Energiverk KF*

**Figur 5.1:** Totalt energiforbruk 1995 - 2005

Det er grunn til å vente at endringar i etterspurnad etter energi vil bli som følgjer:

- **Jordbruk / hushald**: nedgang eller tilnærma konstant
- **Offentlege tenester**: tilnærma uendra
- **Privat tenesteyting** (turistverksemder): auke
- **Bygg / industri**: konstant eller svak auke
- **Hytter og fritidsbustader**: stor auke

Energiforbruket, grovt sortert innanfor disse kategoriane, er relativt lett å synleggjere over tid. Det vil vera rasjonelt å vurdere ulike standard energiløysingar innan nemnte kategoriar av forbruk.

**Potensialet for alternative energiløysingar synest å vere følgjande:**

- **Energifleksible løysingar**

  a) I oktober 2005 vart ein varmepumpe installert og knytte til Vangstunet, Vangsheimen og omsorgsbustader. Det er planar om at også Vang barne- og ungdomsskule (VBU) også etterkvart skal koplas til ein varmpumpe, men dette lar vente på seg inntil vidare.

  b) Det er mykje skog i kommunen og innbyggjarane brukar og kjem til å bruke mykje ved som energikjelde. Dei fleste innbyggarane i kommunen har energifleksible løysingar i heimen, der dei nyttar straum og ved.

- **Fjern/nærvarmeanlegg**

  a) Grunna spreidd busetjing er det lite aktuelt med fjernvarmeanlegg i kommunen. Det kunne likevel vere aktuelt å byggje eit bioenergifyrt nærvarmeanlegg som varmar opp VBU, kommunehuset, biblioteket og mottakssentret. Disse einingane ligg nokså nære kvarandre, og krevjar forholdsvis mykje og jamn oppvarming.

- **Energiøkonomiserande tiltak**

  a) Vi har mindre energiledd om sommaren, frå 1. mai t.o.m. 30. september, enn det som er definert som vinter; 1. oktober t.o.m. 30. april. Det er normalt større ledig kapasitet sommar enn vinter. Ved å stimulere til bruk av elektrisitet når det er mest ledig kapasitet i nettet, vil også energi- og effekttapet vera mindre enn ved høg last. Tap i overføringsnettet (som er ein kostnad) aukar kvadratisk med belastninga.

Det er ikkje gjort ei samla vurdering av økonomien for ulike løysingar. Den einskilde investor sine vurderingar vil avhenge av mange ulike forhold. Difor er det i utgreiinga tatt med ei drøfting av kva for kostnadselement som til vanleg vil vere relevante. Det er også laga ein enkel reknemodell til bruk for vurdering av oppvarmingsløysingar i bustadhus.

Det kan vere verd å ta med at det finnes over 1 400 hytter i Vang kommune, og at dette talet stig for kvart år. Mange av dei nybygde hyttene har ønskjer om å kopla seg på strømnettet, og det er også felt med gamle hytter som ønskjer tilkopling. Kommunen har i sin arealplan lagt ut fleire område til fritidsbustads formål og blant anna grunna disse nye felta seier prognosane at strømforbruket kan komme til å auke med mellom 8 – 24 MWh i 2014 og at effektbehovet kan komme til å auke med mellom 4 – 9 kW i 2012 (sjå vedlegg 14).

# 6 Om Vang kommune

Vang er ein kommune i Valdres og dekker 1 503 km$^2$. Berre 0,8 %, (14 km$^2$), av dette er jordbruksareal, resten er fjell, innsjøar og skogar.
Arbeidsplassane i Vang er knytte til jordbruk, transport, handel, turisme, bygging, kraftverk og stat/kommune. Dei fleste driv med mjølkeproduksjon frå kyr og geit, men mange har òg sau og gris, og pelsdyr som rev og mink. Gras og grønsaker vert dyrka til husbruk, og stølane er framleis i bruk hjå enkelte om sumaren. Fleire reindriftslag driv med tamrein, og jakt på elg, hjort, rådyr, hare og rype, samt fiske og fiskeoppdrett er ofte attåtnæring og fritidssyssel. Skogbruk finn ein lengst aust og sør i kommunen. Her ligg også to lokale sagbruk, Tveit og Kvismo. Av annan industri kan nemnast ein betongfabrikk. Handverksbedrifter sysselset òg somme. Turismen har så smått fått innpass på gardane, i tillegg til dei som driv med berre det. Elles har tenesteytinga, særleg den offentlege, auka svært dei siste åra, og sysselsette innafor denne næringa er nå omkring 39 %. Enno er ca. 20 % av befolkninga med arbeidsstad i kommunen sysselsette i primærnæringa (sjå vedlegg 2).




*Kjelde: www.met.no*

**Figur 6.1**: Døgnmiddeltemperaturar for Fagernes i °C

I og med at det ikkje finnes normal temperaturar for Vang kommune, har vi nytta statistikk frå Fagernes, som ligg i Nord Aurdal kommune. Fagernes ligg ca 50 km aust for Vang. Diagrammet over viser døgnmiddeltemperatur for Fagernes, og døgnmiddeltemperaturane er basert på normalperioden 1961-1990 (sjå tabell vedlegg 15). Ein kan lese at den varmaste månaden er juli, med 15 °C, og den kaldaste er januar, med -10, 5 °C.

## 6.1 Befolkning

1. januar 2007 budde det 1 591 innbyggjarar i Vang kommune (SSB: 2007). Kommuneplanen for 2004 sa blant anna dette om befolkninga i kommunen:
"Folketalsutviklinga syner ein jamn tilbakegang sidan rundt 1990; fram til då låg folketalet lenge stabilt på om lag 1 750. Dersom vi ser perioden under eitt, representerer dette ein tilbakegang på 7 %. Dette er ikkje noko særskilt fenomen for Vang. Dei aller fleste

distriktskommunar opplever tilbakegang, medan det er vekst i sentrale strøk. Nedgangen i folketalet skuldast først og fremst manglande fødselsoverskot, men også netto utflytting. Det blir ofte vist til at det er dei unge jentene som flytter ut, men frå Vang er det like mange unge gutar som jenter som flytter ut. I aldersgruppa 25-44 år er det 197 kvinner og 199 menn, men i aldersgruppa 45-69 år er kvinnene i mindretal med 217 mot 262 menn. Dette kan tyde på at færre jenter enn gutar flytter attende til Vang. I 2003 budde det 825 kvinner og 811 menn i Vang, det vil seia at vi totalt sett har eit kvinneoverskot (SSB 2003)."

Statistisk sentralbyrå har utarbeidd ulike prognosar for folketalsutviklinga. Særleg for mindre kommunar er dette usikre tal, men dei er likevel interessante. For alternativet med middels fruktbarheit, middels levealder, men inga flytting, vil folketalet halde seg stabilt dei næraste åra, men med ein liten nedgang i 2010-2015. Ved dette alternativet vil folketalet vera oppe i 1 636 i 2025 (12 fleire enn no). Å sjå bort frå flytting er likevel urealistisk. I Noreg flytter vi stadig meir, og aldri har vi flytta så mykje som no. For middels levealder har Statistisk sentralbyrå utarbeidd tre ulike alternativ. For Vang Kommune gjev dette følgjande:

**Tabell 6.1** Prognosar for befolkningsvekst i Vang kommune

| Alternativ | År | 2007 | 2010 | 2015 | 2020 | 2025 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Låg nasjonal vekst med låg fruktbarheit og låg innvandring | | 1590 | 1558 | 1526 | 1535 | 1538 |
| Middels nasjonal vekst med middels fruktbarheit og middels innvandring | | 1592 | 1571 | 1571 | 1597 | 1636 |
| Høg nasjonal vekst med høg fruktbarheit og høg innvandring | | 1596 | 1592 | 1610 | 1672 | 1741 |

*Kjelde: www.ssb.no*

For fleire tabellar og diagram, sjå vedlegg 3

## 6.2 Butilhøve

Bustadstrukturen i Vang kommune er typisk spreidd busetnad. I januar 2007 fantes det 871 bustader i Vang, 712 av dei er frittliggjande einebustad eller våningshus tilknytte gardsdrift (inkluderar hyblar/sokkelleiligheter). Ein gjennomsnittleg bustad i kommunen ligg på ca 126 $m^2$ (sjå vedlegg 4).

På bakgrunn av kommuneplanen er det liten grunn til å rekne med vesentleg endring i bustadstrukturen i åra framover.

**Dei overordna måla for ein kommunal næringspolitikk kan setjast opp slik:**

1. Oppretthalde og trygge busettinga i kommunen.
2. Sikre full sysselsetting.
3. Stimulere til nyetablering.

## 6.3 Bustadbygging

Det blir bygd i gjennomsnitt mellom 2 og 9 nye bustader i kommunen kvart år. Dette tilsvarar frå *((2 / 871) * 100)≈* **0, 23 %** til *((9 / 871)*100)* ≈ **1, 03 %** auke. Dette er langt under landsgjennomsnittet, og vil ikkje påverke det totale energiforbruket i kommunen nemneverdig.

## 6.4 Hyttebygging

Det er venta at mange nye hytter vert bygd i næraste framtid. Dei siste 7 åra er det bygd ut fleire område for hytter, og fleire reguleringsplanar og forslag ligg føre. For meir informasjon om kva slags hytteområde som vert bygde ut, sjå vedlegg 11, som viser kart over området.

## 6.5 Næringsstruktur og utvikling

Tal frå SSB seier at det i 3. kvartal i 2007 var registrert 369 bedrifter i Vang innanfor privat og offentleg sektor. 150 av dei 369 driv innafor jordbruk og skogbruk, og tenester knytte til dette.

Det er 905 hytter i Vang som i dag har strømforsyning. Disse er per i dag stort sett ikkje høgstandardhytter med stort effektforbruk, men ein ser ein tendens til at nye hytter held ein høgare standard enn dei hyttene som finnes i frå før. Brukstida for hytter varierar, men strømforbruket er høgast i:

- Jul og nyttårshelg
- Vinterferie
- Påskeferie
- Sommarferie
- Haust i samanheng med jakt og fiske

**Nettsida til Vang kommune viser:**

Vang kommune arbeider no særskilt med satsing på næringsutvikling. Dette skjer gjennom aktiv dialog med innbyggjarane i kommunen, her under det etablerte næringslivet, og ved forsøk på å komme i kontakt med potensielle etablerarar andre stader i landet.
Som ein del av satsinga utarbeida kommunen i 98/99 eit strategidokument for næringsutvikling. Frå eit førebels strategidokumentet ligg det føre slik visjon:

*"Av reiselivskommunane i Valdres skal Vang framstå som den mest "ekte", der bygda si historie, byggeskikk, kulturlandskap, natur, atmosfære og miljø er best ivareteke. Omsynet til disse grunnleggjande føremon som Vang har, skal utviklast til å bli kommunens største konkurranseføremon i all næringsverksemd."*

Vang kommune, som har store inntekter frå vasskraftutbygging, har økonomiske ressursar til å gje vesentleg støtte til næringsutvikling både i form av kommunal infrastruktur og direkte tilskot.

**Kommunen har disse viktige måla og planane, som er sette opp i kommuneplanen:**

- Stimulere til at næringslivet framleis organiserer seg sjølv og tek ansvar for felles oppgåver (t.d. Filefjell Reiseliv og Vang Næringsforum).
- Få ei betre utnytting av utmarksressursane i kommunen.
- Samarbeid mellom reiselivsnæring og grunneigarar.
- Satse sterkare på indirekte næringsutvikling ved:
    a. samordning av kommunen sine tenester i høve til næringslivet sine behov (saksbehandling, praktisering av lover og reglar, prising av tenester m.m.).
    b. gode rammevilkår for folk sin bu- og kvardagssituasjon (barnehage- og skuletilbod, tomt/bustad, fritid m.m.).
- Bidra til å leggje tilhøva til rette for å halda oppe og vidareutvikle jord-, skog- og utmarksnæringar med aktuelle tilleggsnæringar.

**Vang Energiverk KF vedtok på eit styremøte i 1997, disse overordna måla:**

- Vang Energiverk KF skal på ein aktiv handlemåte fremja eksisterande næringsliv og ny næringsutvikling i samsvar med kommunen sine mål.

- Vang Energiverk KF skal kunne selja eksterne tenester etter forretningsmessige prinsipp og i priskonkurranse på den aktuelle marknaden. Dette skal berre gjerast i den grad det er rett ut frå omsyn til primæraktivitetar og normal ressurstilgang.

- Ved bygging og drift av elektriske anlegg som Vang Energiverk KF utfører, eller har ansvar for, skal miljøomsyn vere nedfelt som ein naturleg del i det årlege budsjett og vere med i tilhøyrande handlingsplan. Konkretisering: Dette tyder i praksis bruk av kabelanlegg i hovudsak, eller kabelanlegg i områder med eit svært sensitivt miljø.

# 7 Dagens lokale energisystem

## 7.1 Kort om Vang Energiverk KF

Det alt vesentlege av det stasjonære energiforbruket i Vang kommune blir dekt av elektrisk energi. Vang Energiverk KF er eit kommunalt føretak stifta i 1940 og har områdekonsesjon med konsesjonsområde som omfattar Vang kommune i Valdres.
Selskapet Jotunkraft AS driv kraftomsetning. Denne verksemda deler lokale og ressursar med Vang Energiverk KF. Jotunkraft AS er 100 % eigd av Vang Energiverk KF.
Det totale forbruket av elektrisk energi i Vang kommune var i 2006 på 33 321 MWh, inklusiv nettap og eksklusiv temperaturkorrigering.

## 7.2 Infrastruktur for energi

### 7.2.1 Energiberarar

Elektrisk energi er den dominerande energiberar i det norske energisystemet. Men også petroleumsprodukt utgjer ein stor del. I nokre geografiske område vert det brukt relativt mykje t.d. ved, koks, fjernvarme, spillvarme o.a., sjølv om disse energiberarane ikkje viser like godt att på den nasjonale statistikken.

Vi har i denne utgreiinga delt energikjeldene inn i disse gruppene:

- Elektrisk energi
- Biobrensel
- Gass
- Kull, koks
- Bensin, parafin
- Diesel-, gass- og lett fyringsolje, spesialdestillat

### 7.2.2 Elektrisk energi

Distribusjonsnettet til Vang Energiverk KF er eit 22 kV høgspenningsnett, lågspenningsnett på 230 V IT og 230/400 V TNC system. Vi har også 1 kV utført som IT system.

Når det gjeld alderssamansettinga på distribusjonsnettet i kommunen, ser den ut som følgjer:




*Kjelde: Vang Energiverk KF*

**Figur 7.1:** Alderssamansetting for distribusjonsnettet i Vang kommune

Som ein kan lese av diagrammet over, vart det på slutten av 1980-talet og fram til i dag gjort store investeringar i distribusjonsnettet i kommunen. Levetida på kablar og liner er satt til 40 år, så det vil bli nødvendig med reinvesteringar mellom år 2025 og 2045.

Vi har mindre energiledd om sommaren frå 1.05 t.o.m. 30.9 enn det som er definert som vinter: frå 1.10 t.o.m. 30.4. Det er normalt større ledig kapasitet sommar enn vinter. Ved å stimulere til bruk av energi når det er mest ledig kapasitet i nettet, vil også energi- og effekttapet vera mindre enn ved høg last. Tap i overføringsnettet (som er ein kostnad) aukar kvadratisk med belastninga.

**Vi har valt å dele inn i 5 forskjellige brukargrupper:**

- Fritidshus
- Bygg / industri
- Privat tenesteyting
- Offentlege tenester
- Hushald / jordbruk

For Vang kommune har vi følgjande statistikk over elektrisk energiforbruk per brukargruppe i perioden frå 1.1.2001 til 31.12.2001:




*Kjelde: Vang Energiverk KF 2007*

**Figur 7.2** Elektrisk energiforbruk per brukargruppe i perioden frå 1.1.2001 til 31.12.2001 (Berre tellerledede anlegg)

I 2006 såg statistikken over elektrisk energiforbruk per brukargruppe slik ut:




*Kjelde: Vang Energiverk KF 2007*

**Figur 7.3** Elektrisk energiforbruk per brukargruppe i perioden frå 1.1.2006 til 31.12.2006 (Berre tellerledede anlegg)

Når ein samanliknar energiforbruk fordelt på brukargrupper for 2001 og for 2006 ser ein at det har vært ei auke i forbruk i særleg ein av brukargruppene. Nemlig Hushald/Jordbruk.




*Kjelde: Vang Energiverk KF 2006*

**Figur 7.4** Nettkundar fordelt på brukargrupper 2006.(Berre tellerledede anlegg)

Når ein ser på nettkundar fordelt på brukargrupper ser ein at heile 56% av nettkundane er i gruppa "Fritidshus", det er ei 2% auke frå 2005. Heile 37% av nettkundane er private husstandar, jordbruk eller skogbruk.

### 7.2.3 Biobrensel

Biobrensel er den klart største energikjelda i kommunen, når ein ser bort i frå elektrisk energi. Det er mykje skog å ta av i kommunen, og dei fleste hushald har moglegheit for vedfyring i tillegg til strøm. Vi går også ut i frå at de fleste av dei meir enn 1 400 hyttene i kommunen nyttar ved som energikjelde, i tillegg til eventuelt gass, solcellepanelar og strøm.

### 7.2.4 Olje/parafin

Noko olje vert nytta til oppvarming i private hus og hytter, men klart mindre enn elles i fylket.

### 7.2.5 Gass

Det er ingen store gassbrukarar i Vang, men det er mange hytteeigarar som nyttar gass i staden for eller i tillegg til strøm. Gass seljast på bensinstasjonar i heile kommunen.

### 7.2.6 Varmepumper

Varmepumpa, som skulle forsyne både VBU og kommunehuset med energi, er framleis ikkje i drift, og der ser ut til at forholda ikkje ligg til rette for bruk av pumpa. Elles vert det truleg installert nokre varmepumper privat.

### 7.2.7 Andre energikjelder

Solcellepanel blir brukt av eit ukjent tal hytter. Det er ikkje verksemder med varmeoverskot i kommunen, og avfall vert levert til Valdres Kommunale Renovasjon (VKR) sitt anlegg, så lokal utnytting av denne energien synes derfor uaktuelt no.

# 8 Energiforbruk

Denne energiutgreiinga konsentrerer seg om *stasjonært* energibruk, i samsvar med retningslinjene i forskrifta. Det vil seie alt forbruk av energi i bygningar, anlegg og industri. Energiforbruk for transportnæringa fell utanom. Statistikken skal gi eit bilete av situasjonen fram til no og danne eit grunnlag for vurdering av utviklinga framover. Statistikken dekker derfor ei viss periodelengd, men ikkje for lang, for då vil statistikken lett bli omfattande og uoversiktleg. Statistikken over det elektriske energiforbruket strekker seg frå 1996 til 2006. Statistikken over anna energiforbruk strekk seg frå 1991 til 2005
Gjennomsnittleg energiforbruk per m$^2$ i bustader er: 31413 * 0,30 = **9423,9 MWh**, 9423,9 MWh + 10700 MWh = **20123,9 MWh,** 20123,9 MWh / 871 bustader ≈ 23,0 MWh, 23104,4 kWh / 126 m$^2$ ≈ **183,37 kWh / m$^2$**

## 8.1 Elektrisk energiforbruk

Det elektriske energiforbruket i Vang var i 2006 på 31 413 MWh, nettapet er tatt vekk. Hushald og jordbruk er til saman den største forbrukargruppa med 48 % av forbruket. Hushald står for ca 30 % av det elektriske energiforbruket, dvs (30 % av totalt el-energiforbruk / 871 bustader) ≈ 9423,9 MWh / 871 ≈ 10819,6 kWh i året per bustad i gjennomsnitt. Gjennomsnittleg elektrisk energiforbruk per kvadratmeter i bustader på (10819,6 kWh / 126 m$^2$) ≈ 85,9 kWh / m$^2$.
Det fantes 1 462 hytter i Vang kommune i januar 2007 (SSB 2007), og per dags dato er 905, altså ca 60 %, av disse tilkopla strømnettet. Dei sto for 17 % av all elektrisk energiforbruk i kommunen i 2006. Oversikt over utbygde hyttefelt og bustadfelt i perioden 1997 – 2005 finnes i vedlegg 4. Eigenproduksjon og netto utveksling frå andre, går fram av diagram. Verdiar er referert innmating og inklusive tap i nettet (sjå vedlegg 6):




**Figur 8.1** Elektrisk energiforbruk i konsesjonsområdet *Kjelde: Vang Energiverk KF*

Diagrammet under viser det elektriske energiforbruket i kommunen når ein temperaturkorrigerar forbruket og tek vekk nettapet. Ein ser at forbruket har haldt seg relativt stabilt igjennom dei siste 10 åra. Konsentrerar ein seg om forbruket som er temperaturkorrigert ser ein at det er ei jamn auka i forbruket frå 1994 - 2002. Vinteren 2003 auka strømprisane merkbart og vi ser her at forbrukarane derfor har brukt mindre strøm i denne perioden.




*Kjelde: Vang Energiverk KF*

**Figur 8.2 Elektrisk energiforbruk 1996-2006**

Trenden er at det elektriske forbruket er stabilt. Diagrammet under viser prosentvis auking frå år til år. Den røde linja er ei trendlinje, og som ein kan sjå viser den inga auke i forbruket. For tabell, sjå vedlegg 6.




*Kjelde: Vang Energiverk KF*

**Figur 8.3** Temperaturkorrigert elektrisk energiforbruk i forhold til forbruket året før (i prosent)

## 8.2 Anna energiforbruk

Tal frå statistisk sentralbyrå viser ein oversikt over det stasjonære energiforbruket til Vang kommune (sjå vedlegg 7). Forbruket til fritidsbustader er ikkje med i statistikken. Når ein ser bort frå elektrisk energi ser det slik ut:
*(Forbruket er ikkje temperaturkorrigert, og 2005-tall er foreløpige og ved i hushalda gjeld 2004).*




**Figur 8.4** Stasjonært energiforbruk (ikkje elektrisk) i 1991




**Figur 8.5** Stasjonært energiforbruk (ikkje elektrisk) i 1995




**Figur 8.6** Stasjonært energiforbruk (ikkje elektrisk) i 2000




**Figur 8.7** Stasjonært energiforbruk (ikkje elektrisk) i 2004




**Figur 8.8** Stasjonært energiforbruk (ikkje elektrisk) i 2005




**Figur 8.9** Samla stasjonært energiforbruk (ikkje elektrisk) 1991-2005

*Kjelde: Data: [www.ssb.no](http://www.ssb.no), diagram: Vang Energiverk KF*

Som vi kan sjå ut i frå diagramma har det stasjonære energiforbruket, (utanom elektrisk), auka jamt dei siste åra. Frå 8,1 GWh i 1991 til 10,7 GWh i 2005. Private hushald brukte 9,2 GWh av anna energi, mens dei brukte ca. 9,5 GWh elektrisk energi i 2006. Altså stod elektrisk energi for 50, 8 % av det totale energiforbruket til private hushald i Vang kommune.
Særleg forbruket av biobrensel har auka mykje. Talet er 5, 4 GWh i 1991, mens det i 2005 er på 8,4 GWh.

Industri og bergverk minka sitt forbruk av biobrensel frå 0, 4 GWh i 1991 til 0,3 i 2001. Disse tala stammar frå bruk av bark/flis i 4 industriar i Vang kommune.

Frå 1991 til 1995 auka forbruket av biobrensel til hushalda i kommunen frå 5, 4 til 7, 9 GWh. Frå 1995 til 2004 haldt forbruket seg nokolunde stabilt, og det ser no ut til å ha stabilisert seg på omkring 9 GWh per år. I og med at hytteeigaranes forbruk av ved ikkje er teke med, er forbruket av biobrensel høgare enn det som er oppgitt her.
Gassforbruket har mangedobla seg sidan 2001, og dette er truleg grunna alle dei nye hyttene som er blitt bygd. Forbruket av bensin, parafin og lett fyringsolje er på til saman 1,3 GWh i Vang. Dette er ein mykje mindre prosentdel av energiforbruket enn elles i fylket (sjå vedlegg 7).

## 8.3 Samla energiforbruk

Vi har laget to diagram som skildrar utviklinga av det totale stasjonære energiforbruket i kommunen (sjå tabell vedlegg 6). Det eine viser forbruket når ein tar vekk nettapet, og det andre viser forbruket når vi i tillegg temperaturkorrigerar forbruket av elektrisk energi. Anna energiforbruk er ikkje temperaturkorrigert.

Som ein kan sjå ut frå diagramma var energibruket i 2003 mindre enn i dei andre åra. Den så kalla "energikrisa" med høge energiprisane er årsaka til dette. Om vi ser bort i frå året 2003 ser vi at forbruket har steget jamt dei siste ti åra. Dette kan skyldes auka forbruk, men også at fleire hytter i løpet av denne perioden har fått tilgang til strøm.




*Kjelde: Vang Energiverk KF og **www.ssb.no***

**Figur 8.10** Totalt energiforbruk 1995 - 2005, eks. nettap




*Kjelde: Vang Energiverk KF og www.ssb.no*

**Figur 8.11** Totalt energiforbruk, 1995 - 2005, eks. nettap, inkl. temperaturkorrigering

Tal frå 2001 seier at av dei bustadane som er i Vang, har over 86 % to eller fleire oppvarmingssystem i bustaden sin (sjå vedlegg 12). God og lett tilgang på biobrensel er sannsynlegvis ein av årsakene til at bustadane er såpass energifleksible.

## 8.4 Utbreiing av vassboren varme

Alternativ til elektrisk energi for oppvarming av bygg og tappevatn føreset vassbore (eller luftbore) system. Med vassbore system kan ein i tillegg til elektrisitet utnytte mange ulike energiberarar til oppvarming. Delen fullførte einebustader med innlagt vassbore oppvarmingssystem har siste året vore kring 35 % på landsbasis.
Kommunen kan leggje til rette for lokal utvikling av fjernvarmesystem ved å gjere aktiv bruk av Plan- og Bygningslov (PBL). Innregulering av varmesentral i samband med nye bustad- eller næringsområde gir kommunen rett til å krevje tilknytingsplikt.
Vang kommune har til no ingen tradisjon for å utnytte PBL på denne måten.

## 8.5 Lokal elektrisitetsproduksjon

Forretningsområda til Vang Energiverk KF er:

- Nettverksemd –områdekonsesjon av 14. desember 1992
- Eigenproduksjon i Eidsfoss kraftstasjon –anleggskonsesjon av 25. februar 1983
- Frå 2004: eigar av ein mindre del i Eidsiva Breiband AS

I statistikken, som NVE har laga, over avbrot i leveringa av elektrisk energi til sluttbrukarane i Noreg i frå 1991 til 2006, kan ein lese at Vang Energiverk KF ligg litt over landsgjennomsnittet når det gjeld gjennomsnittleg tal på avbrot per rapporteringspunkt og gjennomsnittleg varigheit per rapporteringspunkt (sjå vedlegg 14).

### 8.5.1 Tilgang på kraft i Vang energiverk KF:

Vang Energiverk KF har ein tilgang på elektrisk energi som er om lag 3 gonger det årlege forbruket i kommunen (sjå vedlegg 4). I tillegg har kommunen rett på 122 GWh konsesjonskraft, men har rett på uttak av 32 GWh. Differansen, (122 – 32) = 90 GWh, blir nytta av fylkeskommunen.

## 8.6 Miljøkonsekvensar

### 8.6.1 Generelt

Energiforbruk har eller fører til miljøbelastningar av ulike slag. Bruk av elektrisk energi er i seg sjølv ikkje miljøbelastande. Overføring av kraft har konsekvensar for arealbruk og miljø. Kraftleidningar rammar menneske gjennom negativ estetisk påverknad av bustadmiljø, landskap og natur elles. Kraftleidningar utgjer ein viss kollisjonsfare for fugl.
I Noreg må ein rekne tilgangen på ny vasskraftbasert elektrisitet som avgrensa. Auka energiforbruk fører difor meir eller mindre direkte til auka produksjon av kraft frå andre produksjonssystem, t.d. kol - og oljebasert produksjon i andre delar av Europa. Dette er fordi Noreg for tida har eit permanent underskot på elektrisk energi.
Biobrensel er laga av biomasse og er kalla $CO_2$ nøytralt brensel i motsetning til naturgass og olje. Med det meines at dei mengdene av $CO_2$ som frigjerast ved forbrenning bindast opp i ny biomasse gjennom fotosyntesen, men forbrenning av biomasse gir utslipp av andre gassar samt oske som påverkar miljøet.

### 8.6.2 Lokalt: Miljøomsyn i Vang Energiverk KF

I vårt konsesjonsområde blir eldre luftliner i hovudsak erstatta med kabelanlegg. Nye luftleidningsanlegg blir bygd i svært liten grad eller nesten ikkje. Dersom nye luftleidningar blir bygd, blir det teke nøye omsyn til om miljøet er sårbart for slike inngrep. Alt avfall frå energiverket blir sortert. EE- avfall leverast til miljøstasjonen og kobbar - og aluminiumhaldig avfall blir levert til skraphandlar. Stolpar som inneheld kreosot blir levert til eit godkjend forbrenningsanlegg.

# 9 Forventa utvikling av energibruk i kommunen

Energiforbruket i kommunen generelt har auka jamt dei siste 10 åra. Normalt er det ein nær samanheng mellom energibruket og dei materielle levekåra. Energibruken stig erfaringsmessig med økonomisk vekst, for auka produksjon av varar og tenester aukar behovet for energi. Inntektsauke for hushalda kan medføre auka forbruk, også av energi direkte og indirekte.
Energibruken og / eller etterspurnaden er også avhengig av energiprisane, noko som kjem tydleg fram av tala for 2003. Høge prisar på energi vil normalt redusere etterspurnaden.
På lokalt nivå vil det vere urealistisk å operere med trendframskriving av alle faktorar som kan påverke energibruken. Befolkningsendringar vil derimot slå tydeleg ut i energibruken. Folketal, personar per hushald og bustadform vil dessutan kunne etterprøvast statistisk. Det same gjeld for endringar i næringslivet, i form av bedriftsetablering eller nedbygging, bransjeutvikling eller sysselsetting. Også lover og forskrifter vil ha effekt, t.d. gjennom krav til isolasjon og byggstandard. Når det gjeld energiintensitet og andre tilsvarande moment, får ein legge til grunn nasjonale trendar, tilpassa vårt lokale område.

## 9.1 Private hushald

Det totale energiforbruket til privatpersonar har auka svakt dei siste åra. Vi ser ut i frå tala til SSB at forbruket av biobrensel har hald seg nok stabilt sia 1995. Ser vi bort frå det elektriske energiforbruket, har energiforbruket auka sida starten av 1990 – talet, og vi går ut i frå at denne trenden vil halde fram i åra framover.
Det er grunn til å tru at det vil bli ein viss reduksjon av strømforbruket til hushalda dei neste 10 åra på grunn av høgare strømprisar og minkande folketal. Prognosane viser nedgang i tal på innbyggarar og reduksjon av forbruk i jordbruksnæringa ved færre og større einingar. Dette, i tillegg til at energiforbruket per person generelt aukar, gjer at vi førebels konkluderer med at det totale energiforbruket til private konsum vil halde seg stabilt i åra framover.

## 9.2 Hytter og fritidshus

I Vang er arbeid med bygging av fritidshus og service ei stor og viktig næring. Dette spesielt etter at landbruket har vore og er i tilbakegang. Det er også grunn til å vente vekst i denne næringa innan for kommunen. I samanheng med dette vil energiforbruket innan tenesteytande næring auke i tida framover. Omkring 60% av hyttene i kommunen er til no tilkopla strømnettet, og i 2006 sto hytteeigarane for 18 % av det totale elektriske energiforbruket i kommunen, og dette talet er venta å auke i åra framover. Når det gjeld anna energiforbruk for hytter og fritidshus, er ikkje disse tala rekna med i SSB sine statistikkar.
Både hytter med og utan strømforsyning nyttar vanlegvis ved og gass som energikjelder, mens dei hyttene utan strømforsyning oftast også nyttar solcellepanelar. Ein auke av disse energikjeldene vil truleg halde fram i dei næraste åra.
I Vang Kommune fins det i dag omkring dobbelt så mange fritidsbustader som hus, og det vert stadig bygd fleire hytter. Disse nye fritidsbustadane held som oftast ein høgare standard og er større og meir strømkrevjande enn dei som vart bygd før. I denne utgreiinga har vi sett på **auka av strømforbruket** i område der det er, og kommer til å skje, relativt store utbyggingar av fritidsbustader. Ved å sjå på statistikkar frå andre nye hyttefelt på Austlandet

og på grunnlag av strømforbruksmålingar, har me komme fram til tre forskjellige prognosar på korleis strømbehovet kan komme til å auke fram til 2014.

Faktorar som speler inn:
- Kor mange fritidsbustader som vert bygd i åra framover
- Kor mange nye hytter som ønskjer å kople seg på strømnettet
- Kor mange eksisterande hytter som ønskjer å kople seg på strømnettet
- Storleiken på nye hytter

Det er vanskeleg å vite kor stor auka av hytter kommer til å vere, men det er tatt utgangspunkt i kommunens areal- og utbyggingsplanar.

Føresetnadar for prognosen:
- Vi har bare sett på utbygging av hyttefelt, og ikkje eventuelle hytter som byggast utanom disse felta
- I 2014 er det hytter på alle per dags dato godkjende hyttetomter
- I 2014 er alle eksisterande hytter i feltet kopla til strømnettet
- I dei nye leilegheitsbygga og hyttene vert det nytta strøm som hovudenergikjelde

I diagramma under er det tre alternativ for korleis auka av strømforbruket kan utarte seg i åra fram mot 2014: Alternativ 1: **høgt** forbruk**,** alternativ 2: **middels** forbruk og alternativt 3**: lågt** forbruk (for tabell: sjå vedlegg 15):

For dei nye hyttene tek vi i **alternativ 1** utgangspunkt i at det årlege strømforbruket til 50 % av dei nye hyttene ligg på 45 000 kWh, 30 % ligg på 14 000 kWh og 20 % ligg på 3 500 kWh.

I **alternativ 2** tek vi utgangspunkt i at det årlege strømforbruket til 20 % av dei nye hyttene ligg på 45 000 kWh, 30 % ligg på 14 000 kWh og 50 % ligg på 3 500 kWh.

**I alternativ 3** tek vi utgangspunkt i at det årlege strømforbruket til 10 % av dei nye hyttene ligg på 45 000 kWh, 10 % ligg på 14 000 kWh og 80 % ligg på 3 500 kWh.

For dei nye leilegheitsbygga i **alternativ 1** tek vi utgangspunkt i at det årlege strømforbruket til 60 % av dei nye leilegheitene ligg på 36 000 kWh, 30 % ligg på 18 000 kWh og 10 % ligg på 8 000 kWh.

**I alternativ 2** tek vi utgangspunkt i at det årlege strømforbruket til 50 % av dei nye leilegheitene ligg på 36 000 kWh, 30 % ligg på 18 000 kWh og 20 % ligg på 8 000 kWh.

**I alternativ 3** tek vi utgangspunkt i at det årlege strømforbruket til 30 % av dei nye leilegheitene ligg på 36 000 kWh, 40 % ligg på 18 000 kWh og 30 % ligg på 8 000 kWh.

Som vi kan sjå av figur 9.1 seier prognosen at med høgt forbruk, alternativ 1, vil vi få ei auke i forbruket på 24 337 MWh innan 2014. Med middels forbruk, alternativ 2, vil vi få ei auke på 14 970 MWh og med lågt forbruk, alternativ 3, får vi ei auke på 8 600 MWh før 2014.




*Kjelde: Vang Energiverk KF*

**Figur 9.1** Prognoser for auke av strømforbruket

Prognose for effektbehovet er framstilt i figur 9.2. Med alternativ 1 får vi ei auke på over 9000 kW frem til 2014. Med alternativ 2 aukar effektbehovet med over 6000 kW. Og med alternativ 3 aukar behovet med i underkant av 5000 kW.




*Kjelde: Vang Energiverk KF*

**Figur 9.2:** Prognose for auke av effektbehovet




*Kjelde: Vang Energiverk KF*

**Figur 9.3:** Auke av strøm




*Kjelde: Vang Energiverk KF*

**Figur 9.4:** Gjennomsnittleg auke av effektbehov

For å finne tala for gjennomsnittleg auke av strøm og effektbehov, har vi regna ut gjennomsnittet av tala frå alternativ 1, 2 og 3 (sjå forklaring over). Maks auke av strøm finn vi dersom vi legg alternativ 1 til grunn.

## 9.3 Større energibrukarar

Som vi har vist på tidlegare tabellar er det hushald og jordbruk som er dei største energiforbrukarane i Vang kommune. Av store brukarar kan nemnast: sagbruk, betongfabrikk, skuler, aldersheim og kommunehus. Når det gjeld Vangsheimen (aldersheimen) er det blitt bygd ein ny fløy og det er av den grunn venta ei auke i energibruken der.
Om endringar i næringslivet vil påverke det stasjonære energiforbruket i særleg grad, vil ein eventuell analyse gje indikasjon på.

## 9.4 Kommunale planar

Det er installert ein varmepumpe knytte til Vangstunet, Vangsheimen og omsorgsbustader, (kommunehuset etter rehabilitering. Varmepumpa vart satt i drift i midten av okt. 2005, og det er planar om at også VBU skal koplast til ein varmepumpe, men dette lar vente på seg.

# 10 Vurdering av aktuelle energiløysingar

Energiutgreiinga tek for seg dei mest aktuelle energiløysingane for kommunen. Tiltak for energiøkonomisering ved nybygg og rehabiliteringar, verknaden av å ta i bruk energistyringssystem på forbrukssida m.m. For Vang kommune har vi ikkje sett på noko særskilt område. Generelt er det likevel grunnlag for nokre merknader.

## 10.1 Utnytting av lokale energiressursar

### 10.1.1 Elektrisk energi

Det meste av stasjonært energibruk vert dekt av elektrisk energi. Dette vil også i framtida vere einerådande bortsett frå til varmeføremål. El-nettet må derfor i alle høve utviklast til å kunne forsyne utbyggingsområde i kommunen. Vi har derfor funnet nokre punkter som påverkar det elektriske energiforbruket vi har, og kjem til å få:

- **Prosjektering av nett:**
  *Frå forskrifta: " Bidrag til samfunnsmessing rasjonell utvikling av energisystemet §8"*

  a) Val av spenning: (Effekt –og energitap blir redusert med kvadratet av spenninga. Dette vil seie at for eit 400 V -anlegg blir tapet redusert til 1/3-del i høve til 230 V anlegg under elles samanliknbare tilhøve.)

    - Generelt val av spenning er 400/230 V for å minimalisere effekt- og overføringstap. Dette gjeld nybygg av ein viss storleik og nye område for hytteforsyning. Slike val blir også gjort ut frå tryggleikomsyn, for å hindre utilsikta samankopling av eksisterande nett for 230 V og nye nett for 400 V.

  b) Val av leiartverrsnitt:

    - Generelt for nettet, både for høg og låg spenning, må val av leiartverrsnitt også vurderast ut frå storleiken på dei strømmar som vil, eller kan, oppstå ved feil i nettet. Ut frå disse omsyn, og med dei lange avstandar som er i Vang, kan disse avgjera eit større leiartverrsnitt enn effektuttak og spenningsfall skulle tilseie.

Disse to punkta vil begge vera viktige ved både nybygging og ombygging i nettet og vera viktige bidrag til minimalisering av tap.

- **Minimalisering av kostnader, generelt levetidskostnader** (Least cost utility planning). Dette er ein metode for å minimalisere alle kostnader og referere dei til investeringstidspunktet. Viktige parameter i dette reknestykket vil vera:

  a. Investeringskostnader

b. Noverdi av framtidige kostnader av tap (framtidig pris på energi, måten effekt blir brukt på over tid og brukstid for maksimal last og maksimalt effekttap)

c. Noverdi av årlege drifts –og vedlikehaldskostnader

d. Kalkulasjonsrente og tidshorisont

e. ILE- kostnader (**I**kkje **L**evert **E**nergi) –samfunnsøkonomiske tap

**Samandrag ”Eksempel”:**

Disse variable som er nemnt over, er ikkje uavhengige av kvarandre og heller ikkje konstante over tid. På tross av denne store kompleksiteten, er det viktig å ha eit tilhøve til kva som er rimeleg å forvente ut frå parametervariasjon. Minimalisering av kostnader på denne måten, har eit relativt flatt minimum i dei fleste tilfelle. Så lenge Noreg har eit permanent kraftunderskot, er det rimeleg å forvente framtidig prisauke på tapsenergi av mange grunnar. Når optimum er flatt, gjer vi truleg mindre feil ved å gå eit tverrsnitt opp i forhold til å gå ned! Denne tankegangen vart for 10 år tilbake kalla ”effektdimensjonering” og var eit skjellsord i bransjen og framfor alt hevda å vera kostnadsdrivande.

Dette eksempelet viser kor kompleks planlegging av nettsystem eigentleg kan vera. Det er også viktig å dokumentere årsakene til dei val som er gjort, for seinare å kunne etterprøve føresetnader eller reknemetodar. Dette er av generell art ved planlegging av fordelingsnett.

Til nokre bruksområde vil det likevel kunne eksistere/utviklast alternativ til elektrisk energi, først og fremst til oppvarming. I tillegg kan energiforbruket effektiviserast ved fornuftig bruk av teknologi, styringssystem m.m. Det blir gjort vurderingar om utsetjing eller sluttbrukartiltak ved utbygging og/eller forsterking av kraftnettet. Effektstyring blir drøfta med alle store sluttbrukarar.

### 10.1.2 Ved og treavfall

Det er mykje skog i Vang kommune, og ved og treavfall bør derfor halde fram å vere den nest største energikjelda i kommunen. Mange har skog på eigen eigedom og nyttar denne veden til fyring. Dei aller fleste har moglegheit for å nytte biobrensel som energikjelde, bare 67 bustader i kommunen har elektrisitet som einaste moglege energikjelde (sjå vedlegg 12).

### 10.1.3 Fjernvarme

Skulen, Vangsheimen og kommunehuset ligg nokså nære kvarandre, og det er disse bygningane det kunne ha vore aktuelt å knytte til eit fellesanlegg for oppvarming, med t.d. bioenergi (brikettar, pellets o.l.) som energikjelde. Utan om dette har Vang i stor grad spreidd busetnad, lite nybygging av heilårsbustader og få eksisterande bygg med innlagt vassboren varme.

Grunna den låge brukstida til hyttene er det ikkje aktuelt med fjernvarmeanlegg for hytter. Fjernvarmeanlegg er i tillegg svært kostbart og dette gjer at tilhøva ikkje ligg godt til rette for dette i Vang kommune.

### 10.1.4 Energifleksible løysingar

Enkelte legg sannsynlegvis inn vassbore oppvarmingssystem ved rehabilitering. Eit ukjent tal nybygg får installert vassboren varme i Vang.

## 10.2 Energi økonomiserande tiltak

Med energiøkonomiserande tiltak meiner vi i denne samanhengen endringar i rutinar eller mindre investeringar som har ein tilsikta privat og samfunnsøkonomisk effekt.

### 10.2.1 Kunnskapsheving

Informasjon om energibruk kan vera eit effektivt tiltak for å senke energiforbruket. Særleg er det viktig å lære opp dei unge, for barn påverkar sine foreldre til å spare på energien.

### 10.2.2 Eksisterande byggmasse

På grunnlag av statistikk frå SSB har vi rekna ut at samla byggmasse i Vang kommune er kring 88 900 m$^2$, (av dette er ca. 85 000 m$^2$ bustader.) Om vi seier vi kan senke dagens energiforbruk med 7 %, er sparepotensialet for eksisterande bygg om lag (29 679 MWh + 10 700 MWh) * 0,07 = 2 826,5 MWh ≈ **2,83 GWh årleg**.

### 10.2.3 Rehabilitering

Ved rehabilitering av eksisterande bygg er det mogleg å gjennomføre energieffektiviserande tiltak utover den reine bygningsmessige rehabiliteringa. I tillegg kjem effekten av at ein ofte må ta omsyn til isolasjonskrav m.m. i nyare byggeforskrifter. Potensialet bør ligge på kring det doble av ENØK - tiltak i eksisterande bygg, dvs **2,83 * 2 ≈ 5, 65 GWh**
Det vil si senking av energiforbruket med 14% i rehabiliterte bustader.

Årleg el. Forbruk per m$^2$ * 14% = Innsparing av el. Energiforbruk per m$^2$

(85,9 kWh/m$^2$ * 0,14) ≈ **12,02 kWh/m$^2$.**

Årleg tilvekst er på kring 500 m$^2$ (4 bustader i året * 126 m$^2$). Vanlegvis ligg rehabilitert areal kring halvparten av årleg tilvekst. Vi reknar likevel med at 1,5 % av bustadarealet vert rehabilitert årleg sidan tilveksten av nybygg i Vang er liten. Innsparinga med dette er rekna til å vere:
85 000 m$^2$ * 0, 015 ≈ 1 275 m$^2$
1 275 m$^2$ * 12,02 kWh / m$^2$ ≈ 15327,8 kWh.

### 10.2.4 Samla potensiale

Samla vil potensialet for energiøkonomiserande tiltak derfor ligge på 2 830 MWh + 15,3 MWh = 2 845,3 MWh.

## 10.3 Sluttbrukartiltak

### 10.3.1 Dagsenking av innetemperaturar

*(frå SINTEF; planleggingsbok for kraftnett)*

